



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 31.05.2017
Vår ref.: 2017/6328
Arkivnr.: 639

Klepp kommune
Postboks 25
4358 Kleppe

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn – kommunen sine plikter etter introduksjonslova

Fylkesmannen i Rogaland startar med dette tilsyn med Klepp kommune.

Fylkesmannen sin heimel for å føre tilsyn

Introduksjonslova gir i § 23 Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med om kommunane har oppfylt pliktene etter introduksjonslova kapitla 2 til 4 og § 25 tredje og fjerde ledd. Tilsynsheimelen omfattar også forskrifter gitt i medhald av desse paragrafane. Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og tilgang til lokale og anlegg dersom det er naudsynt for at Fylkesmannen skal kunne utføre oppgåvene sine, jf. kommunelova § 60 bokstav c.

Føremål med tilsynet

Føremålet med tilsynet er å bidra til auka etterleving av lova og kvalitet i den kommunale tenesteproduksjonen. Brot på introduksjonslova kan ha konsekvensar for rettstryggleiken til deltakarane. Det kan også ha samfunnsøkonomiske konsekvensar gjennom å seinke den enkelte sin overgang til utdanning og arbeid.

Tema for tilsynet

Fylkesmannen i Rogaland skal i 2017 gjennomføre tilsyn med om kommunen har oppfylt pliktene etter introduksjonslova. Tema for tilsynet er kommunen sin praksis knytt til deltakarane sin individuelle plan etter introduksjonslova § 6, jf. § 19 første ledd. Tilsynet vil også handle om forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak knytte til desse paragrafane. Lovgrunnlaget for tilsynet ligg vedlagt.

Kven tilsynet omfattar

Tilsynet rettar seg mot kommunen som ansvarleg for å leggje til rette og gjennomføre introduksjonsprogram, jf. introduksjonslova § 3. Dersom andre utfører tenester på vegne av kommunen, vil desse kunne bli bedne om å gi informasjon, men konklusjonane til Fylkesmannen vil rette seg mot kommunen som ansvarleg for å leggje til rette og gjennomføre introduksjonsprogrammet.

Gjennomføring av tilsynet

Fylkesmannen vil i starten av tilsynet i september 2017, ha eit opningsmøte og gå gjennom dokumentasjon saman med kommunen. Det vil også bli gjennomført intervju av deltakarar i introduksjonsprogrammet. Etter tilsynet utarbeider Fylkesmannen ein førebels tilsynsrapport som kommunen får høve til å uttale seg om før endeleg rapport vert utarbeidd og sendt over til kommunen.

Vi kjem tilbake til kva slags dokumentasjon kommunen skal klargjere, og kven av deltakarane vi ønskjer å intervjuje.

Det vert halden ei regelverkssamling torsdag 7. september om tilsynstemaet på Clarion Hotel Energy i Stavanger. Meir informasjon med påmelding kjem på nettstaden vår.

Vi ber kommunen oppnemne ein kontaktperson for dette tilsynet og melde det til oss snarast mogleg. Tilsynet vert gjennomført av Gro Sevheim og Karen Hansson Lura.

Gro Sevheim er tilsynsleiar og kan kontaktast på telefon 51 56 87 87 og e-post fmrogrs@fylkesmannen.no

Karen Hansson Lura er tilsynsmedarbeidar kan kontaktast på telefon 51 56 89 22 og e-post fmrochl@fylkesmannen.no

Med helsing

Sølvi Ona Gjøl
utdanningsdirektør

Gro Sevheim
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Gro Sevheim
Saksbehandlar telefon: 51568787
E-post: fmrogrs@fylkesmannen.no